



Høgskulen
på Vestlandet

NEMND FOR STUDENTSAKER VED
HØGSKULEN PÅ VESTLANDET

ÅRSRAPPORT 2024

Innleiing

Nemnd for studentsaker si verksemd er heimla i lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høgskulelova (uhl.) § 14-1:

«Universiteter og høyskoler skal opprette minst én nemnd for studentsaker. Flere institusjoner kan opprette en felles nemnd.

Nemnda er klageinstans for klager på enkeltvedtak fattet av institusjonen, bortsett fra der det er fastsatt i eller med hjemmel i denne loven at det er en annen klageinstans. Nemnda kan behandle saker som førsteinstans etter §§ 12-1 til 12-8 etter delegering fra styret.

Nemnda kan ikke instrueres i behandlingen av klagesaker.

[...]»

Nemnda gjer vedtak med simpelt fleirtal. Ved stemmelikskap har leiar dobbeltstemme. I saker som gjeld utestenging og bortvising etter uhl. § 12-4, og utestenging etter skikkavurdering etter uhl. § 12-3, gjer nemnda vedtak med to tredels fleirtal.

Mandat

Nemnd for studentsaker ved Høgskulen på Vestlandet behandlar følgjande saker:

- Fusk og forsøk på fusk
- Skikkasaker etter innstilling frå Skikkavurderingsnemnda ved HVL
- Utestenging frå praksis på grunn av merknad på politiattest
- Bortvising
- Falskt vitnemål eller falske dokument ved opptak til studium
- Klager på høgskulen sine enkeltvedtak. Til dømes formelle feil på eksamen og praksis, tilrettelegging og opptak til studium
- Klagesaker etter forskrift for graden philosophiae doctor (Ph.d) ved HVL
- Klager i samband med val av representantar og ombod ved HVL

Nemnd for studentsaker sitt mandat er gitt i instruks frå høgskulestyret, revidert 2. februar 2023 i sak 6/23.

Samansetting

Universitets- og høgskulelova § 14-1, fjerde og femte ledd gjev føringar for samansetting av nemnda:

«Nemnda skal ha fem medlemmer med personlige varamedlemmer. Lederen og vara for lederen skal oppfylle de lovbestemte kravene for lagdommere og tingrettsdommere, jf. [domstoloven § 54](#). Lederen og vara for lederen kan ikke

*være ansatt ved institusjonen. To av medlemmene skal være studenter.
Representanter for institusjonens eier eller medlemmer av institusjonens styre
kan ikke være medlemmer av nemnda.*

*Nemnda er vedtaksfør når lederen eller varaen for lederen og to andre
medlemmer er til stede.»*

Nemnd for studentsaker si samansetting i perioden 01.01.2024 – 31.08.2024:

Representant	Vara
Leiar: Tingrettsdommar Bjørg Kvelstad	Tingrettsdommar Tone Raaen
Dosent Hanne Kristin Tuntland	Professor Catharina Renate Christophersen
Førsteamanuensis Sven Olai Høyland	Høgskolelektor Alfred Limstrand
Maria Knudsen (student)	Tonje Thrane (student)
Mattis Munkvold Rovik (student)	Thomas Fadum (student)

Nemnd for studentsaker si samansetting i perioden 01.09.2024 – 31.12.2024:

Representant	Vara
Tingrettsdommar Bjørg Kvelstad (Leiar)	Tingrettsdommar Tone Raaen
Dosent Hanne Kristin Tuntland (Fagtilsett)	Professor Catharina Renate Christophersen
Førsteamanuensis Sven Olai Høyland (Fagtilsett)	Høgskolelektor Alfred Limstrand
Alexander Papas (Student)	Otto Thorbjørnsen (student)
Janne Fagerland Sjursen (Student)	Maren Gullvåg Aasen (student)

Saker til handsaming

Nemnd for studentsaker har i 2024 handsama 95 saker:

Sakstype	Tal på saker
Klage på enkeltvedtak og formelle feil	68
Fusk	21
Politiattest	3
Skikkavurdering	3
Totalt	95

Tabell 1 Saker handsama i nemnda i 2024.

Fordeling av sakstype og utfall på dei tre fakulteta¹:

Fakultet	Klager, med hald	Klager, ikkje med hald	Klage avvist	Fusk, annullering	Fusk, annullering og eitt semester	Fusk, annullering og to semester	Fusk, frikjenning	Politikktest	Skikkane	Totalt
FTMS	3	18		2	2	1	8			34
FHS	7	25			3		2	3	2	42
FLKI	3	11	1		3				1	19
Totalt	13	54	1	2	8	1	10	3	3	95

Tabell 2 Sakstype og utfall fordelt på fakultet

Fordeling av saker mellom fakulteta sett i høve til talet på registrerte studentar²:

Fakultet	Fordeling av saker	Fordeling av studentar
FTMS	36,8 % (35)	5650
FHS	44,2 % (42)	5445
FLKI	20 % (19)	5670
Totalt	95	16760

Klagesaker

Nemnd for studentsaker har handsama 68 klagesaker. Av talet på klager er det éi sak som gjeld klage på vedtak om utestenging frå HVL. Talet på klagesaker ved Høgskulen er mest truleg høgare enn sakene som vert handsama i nemnda. Fakulteta eller fellesadministrasjonen skal etter forvaltningslova § 33 andre ledd handsame klagen som førsteinstans. Om det opphavlege vedtaket blir stadfesta utan endring, skal saka sendast til nemnda. Høgskulen har ikkje tal på klager som ikkje vert handsama av nemnda. Nokre klagar skal vurderast av andre organ. Til dømes skal klager som gjeld opptak til grunnstudium handsamast av Nasjonal klagenemnd under Samordna opptak.

¹ FTMS=Fakultet for teknologi, miljø- og samfunnsvitskap, FHS=Fakultet for helse- og sosialvitskap, FLKI=Fakultet for lærarutdanning, kultur- og idrett

² Kjelde: Database for statistikk om høgre utdanning

Klagesaker i 2024:

Saksfelt	Saker 2024	Medhald	Ikkje medhald	Klage avvist
Formelle feil på eksamen	9	1	8	
Formelle feil praksisstudium	8	7	1	
Tap av eksamensrett	14	2	12	
Tap av studierett	2		2	
Tilrettelegging	17	2	14	1
Godkjenning av utdanning	10	1	9	
Opptak	7		7	
Vedtak om utestenging	1		1	
Tal klagesaker	68	13	54	1

Klage på formelle feil ved eksamen

Klage på formelle feil vert vurdert etter uhl. § 11-9. Nemnda har handsama ni klager på formelle feil ved avvikling av eksamen. Tema har vore habilitet, grunngjeving for sensur, fysiske forhold under eksamen og uklårleik i eksamensoppgåva.

Klage på formelle feil i praksis

Nemnda har handsama åtte saker om formelle feil i praksis. Tema har vore tidspunkt for levering av varsel om ikkje bestått praksis og sjukefråvær i praksisperioden.

Tap av eksamensrett

Studentar har rett til å ta eksamen når studenten er semesterregistert, har meldt seg til vurdering innan frist og kan dokumentere eventuelle forkunnskapskrav og obligatoriske læringsaktivitetar. Nemnda har handsama 14 saker om tap av eksamensrett. Tema har vore trekk av eksamensrett på grunn av ikkje-godkjente obligatoriske arbeidskrav og rett til fjerde eksamensforsøk.

Tilrettelegging

Studentar med funksjonsnedsetting har rett på eit tilrettelagt studieløp for å sikre likeverdige opplærings- og utdanningsmoglegheiter. Eit tiltak om tilrettelegging kan ikkje

setje til side faglege krav i studiet eller utgjere ein uforholdsmessig byrde for institusjonen, jf. uhl. § 10-5, andre ledd. Nemnda har handsama 17 saker om tilrettelegging. Tema har vore utvida tid på eksamen, skrivestøtteprogram, omgjerung av vurderingsform, kullforflytting og praksis på særskilt stad. To av klagarane fekk medhald og en av sakene blei avvist.

Godkjenning av emne

Studentar har etter uhl. § 9-1 rett til å få tidlegare utdanning ved andre utdanningsinstitusjonar godkjent som del av studenten sitt studium ved HVL. Emne skal godkjennast med same omfang som det beståtte emnet. Nemnda har handsama 10 saker om godkjenning.

Opptak

Nemnda handsamar klager som gjeld lokale opptak og opptak på grunnlag av realkompetanse. Nemnda har handsama sju saker om opptak. Ingen av klagarane fekk medhald.

Mistanke om fusk

Styret har delegert til nemnd for studentsaker å avgjere saker som gjeld mistanke om fusk, jf. universitets- og høgskulelova § 12-4. For at nemnda kan gjere vedtak om annullering og utestenging, må studenten ha gjort ei handling skildra i forskrift om studium og eksamen ved HVL § 12-1 (1) bokstav a-h. Handlinga må vere gjort med forsett eller med grov aktløyse. For forsøk og medverknad til fusk er det krav om forsett. Når vilkåra for fusk er oppfylt, kan nemnda etter uhl. § 12-4 gjere vedtak om utestenging av studenten, inkludert tap av retten til å ta eksamen ved andre utdanningsinstitusjonar, i inntil eitt år.

I praksis blir studenten utestengt i to semester ved forsettleg fusk og eitt semester ved grov aktløyse. Nemnda har i 2024 handsama 21 saker om fusk. Mistanken var knytt til plagiat i 16 saker og ulovleg bruk av kunstig intelligens i 5 saker. I 5 saker om plagiat blei studenten frikjent, og i 11 saker gjorde nemnda vedtak om fusk. I alle sakene om bruk av kunstig intelligens blei alle studentane frikjent. Fordeling av reaksjon er vist ovanfor i tabell 2.

Klage på vedtak om fusk

Klager på vedtak gjort av nemnd for studentsaker som førsteinstans skal etter forvaltningslova § 33 først vurderast av nemnda sjølv. Om vedtaket ikkje vert omgjort eller oppheva, vert saka sendt vidare til Felles klagenemnd (nasjonal klageinstans). Nemnda har handsama éi klage på vedtak om fusk. Saka blei send til den nasjonale klageinstansen Felles klagenemnd. Klagen blei behandla i Felles klagenemnd sitt møte den 27. januar 2025 der vedtaket vart stadfesta.

Merknad på politiattest

Høgskulen kan etter uhl. § 12-2 krevje framlegging av politiattest når studenten gjennom praksisstudium, eller studium med klinisk undervisning, vil kome i kontakt med sårbare grupper. Styret har delegert til nemnd for studentsaker å avgjere om studentar med merknad på politiattesten kan delta i praksis eller klinisk undervisning. Vedtak om utestenging gjeld ikkje teoriemne. Studenten blir difor ikkje utestengt frå studieprogrammet. Utestenginga kan likevel medføre tap av studierett om utdanninga har krav til studieprogresjon, jf. forskrift om studium og eksamen ved HVL § 4-8 (2) bokstav b. Nemnda har handsama tre saker om merknad på politiattest. I to av sakene avgjorde nemnda at studenten ikkje kunne delta i praksis.

Skikkavurdering

Studentar på studieprogram underlagt Forskrift om skikkethetsvurdering i høgere utdanning § 1³, er under løpande skikkavurdering heile studieløpet. Vitnemål for fullført utdanning føreset at studenten er vurdert skikka for yrket. Styret har delegert til nemnd for studentsaker å avgjere saker etter uhl. § 12-3 om utestenging av student på grunn av manglande skikkaheit. Om det oppstår tvil om ein student er skikka, vert det meldt tvil til institusjonsansvarleg for skikkavurderingar ved Høgskulen. Om institusjonsansvarleg ikkje finn studenten skikka, vert saka fremma for skikkavurderingsnemnda ved Høgskulen. Skikkavurderingsnemnda leverer ei innstilling til nemnd for studentsaker med nemnda si vurdering om studenten kan reknast som skikka. Etter forskrifta § 12 andre ledd skal nemnd for studentsaker avgjere om studenten er skikka, og eventuelt om studenten skal stengjast ute frå studieprogrammet.

Nemnda har handsama tre saker om skikkaheit i 2024. I alle tre saker vart student vurdert uskikka. Éi av sakene er påklaga av studenten og vert send til Felles klagenemnd for avgjerd.

³ <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2023-10-27-1714>


Advokatsalær

Studentar har ikkje rett til å få dekkja sakskostnadane sine til advokat i klagesaker. Unntak kan vere i tilfelle studenten får medhald i klagen sin. Sakskostnadar kan då verte dekkja etter forvaltningslova § 36. I saker der Høgskulen reiser sak til nemnd for studentsaker om utestenging, har studenten etter universitets- og høgskulelova § 13-9 rett til å få dekt utgifter til advokatbistand i saker som gjeld utestenging etter §§ 12-1 til 12-8, utestenging etter § 12-2, skikkavurdering etter § 12-3 og bortvising etter §§ 12-5 og 12-8.

Samla utgifter til advokatsalær i 2024 var kr. 58.063,50 kr.

Saksutvikling i perioden 2019-2024

	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Fusk	49	68	85	51	40	21
Plagiat	19	43	84	26	18	16
Utestenging	3	0	1	0	0	9
Bortvisning	3	6	3	4	2	0
Uskikkethet	0	0	0	2	0	3
Isolert skriftlig advarsel	0	0	1	7	0	0
Totalt antall saker	74	117	173	90	60	95



I 2019 handsama nemnda 74 saker. I 2020 var det ei markert auke i talet på saker. Årsaka til auken var ei dobling av saker om fusk. I 2021 fekk desse sakene ei nesten tilsvarande auke, medan talet gjekk betydeleg ned i 2022. Nedgangen fortsett i 2023 og vart tilbake til same nivå som i 2019. Dette fekk igjen betyding for talet på klager på vedtak om fusk. I 2024 var det igjen ei auke i talet på saker, inkludert talet på fuskesaker.

Avsluttande merknader

Nemnd for studentsaker gir gjennom sine vedtak uttrykk for tolking av regelverk og praksis.

I nokre saker gir nemnda fråsegn tilbake til fellesadministrasjonen og fakulteta. Nemnda registrerer at fråsegna vert tekne imot og at dette medverkar til endring av praksis. Nemnda handsamar ei stor saksmengd med komplekse saker. Dette inneber at både sekretariat og nemnda sine medlemmar bruker mykje tid og ressursar på nemndarbeidet.

Sekretariatet har i 2024 bestått av tre sakshandsamarar. Desse har hatt ein del av si stilling knytt til sekretariatsfunksjonen. Nemnda har merka seg at sakshandsamingstida hjå førsteinstansen i nokre tilfelle trekk ut i tid. Nemnda minner om at førsteinstansen etter forvaltningslova § 11 a første ledd skal førebu og avgjere saker utan ugrunna opphald.

I nokre saker har Høgskulen sitt vedtak blitt oppheva og saka sendt tilbake til ny vurdering. Årsakene til dette er at sakene ikkje har vore tilstrekkeleg utgreia før det er gjort vedtak. Grunngevinga i vedtaket kan òg ha vore mangelfull. Nemnda viser til forvaltningslova § 17 om Høgskulen si plikt til å klargjere dei faktiske omstenda vedtaket byggjer på. Nemnda viser òg til forvaltningslova §§ 24 og 25 om Høgskulen si plikt til å grunngje vedtak. Det må gå klart fram av vedtaket kva vurderingar som er gjort og kvifor det er konkludert med eit bestemt resultat. Dette gjeld særleg når studenten får avslag.

Nemnd for studentsaker, 20. mars 2025.

Bjørg Kvelstad (sign.)

leiar

Anne Grethe Nielsen (sign.)

for sekretariatet